

Protokoll frå føretaksmøte

Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

**Godkjenning av årsrekneskap og
årsmelding, behandling av årleg
melding for 2008 - med meir**



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 10. juni kl. 10.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding (jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7)
- Sak 4 Godkjenning av revisor si godtgjersle (jf. lov om helseforetak § 44)
- Sak 5 Årleg melding (jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15)
- Sak 6 Endring av driftskredittramme
- Sak 7 Samhandlingsreforma - vurderingar ved sal av eigedom
- Sak 8 Samhandlingsreforma - tiltak på IKT-området
- Sak 9 Endringar i vedtektene § 17 (jf. lov om helseforetak § 12, vedtektene § 18)

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Bjarne Håkon Hanssen (sak 1 til 3)

Statssekretær Dagfinn Sundsbø etter fullmakt frå statsråden (sak 3 til 9)

Frå styret møte

Styreleiar Oddvard Nilsen

Reidun Johansen

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen

Viseadministrerande direktør Helge Bryne

Også til stades

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia

Ekspedisjonssjef Andreas Disen

Avdelingsdirektør Frode Myrvold

Avdelingsdirektør Cathrine Meland

Seniorrådgjevar Bjørg Leinum Seim

Spesialrådgjevar Ragnhild Kostad

Seniorrådgjevar Jan-Erik Barbakken

Rådgjevar Vanja Strømsøe

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Janicke Weum. Vald revisor for Helse Vest RHF, Ernst & Young, møte ved statsautorisert revisor Elisabeth Torget.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Bjarne Håkon Hanssen ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga vart godkjent. Føretaksmøtet vart lovleg sett.

Styreleiar Oddvard Nilsen og Bjarne Håkon Hanssen blei vald til å skrive under protokollen. Helse- og omsorgsministeren overlét møteleiinga til styreleiar Oddvard Nilsen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurte om nokon hadde merknader til den utsendte dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden vart godkjent.

Sak 3 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding (jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7)

I samsvar med vedtektene § 7 vart årsrekneskapen og årsmeldinga til styret 2008 lagt fram til godkjenning i føretaksmøtet.

Helse Vest RHF gjorde greie for årsrekneskap og årsmelding for 2008 og for styret sitt vidare arbeid på dette området. Det ble vist til revisjonsmeldinga for 2008.

Føretaksmøtet viste til at rekneskapen som er lagt fram viser eit rekneskapsmessig underskot. Med dei auka inntektene til kjøp og fornying av bygg og utstyr som vart vedteke ved behandlinga av St.prp. nr. 1 (2007-2008), vart det og lagt til grunn at alle regionale helseforetak skulle gå i balanse i 2008, svarande til eit resultat for året på null kroner. Samstundes vart det presisert at auka pensjonskostnader som følgje av endra økonomiske parameter utover kostnadsnivået som det er tatt omsyn til i basisramma, ikkje skal reknast med i resultatkravet.

I føretaksmøtet 25. januar 2008 blei det fastsett slikt resultatkrav for Helse Vest RHF for 2008:

"I tråd med krava frå Stortinget skal Helse Vest RHF handtere omstillingsutfordringa si slik at ordinært rekneskapsmessig resultat for føretaksgruppa i 2008 er i balanse, svarande til eit resultat for året på null kroner. Føretaksmøtet presiserte at auka pensjonskostnader som følgje av endra økonomiske parameter utover kostnadsnivået som det er tatt omsyn til i basisramma til Helse Vest RHF, ikkje skal reknast med i resultatkravet for 2008. Som grunnlag for kostnadsføring undervegs i 2008 skal budsjettert pensjonskostnad berekna ut frå parametersett fastsett 31. desember 2007, blir lagd til grunn."

Ved behandlinga av St.prp. nr 59 (2007-2008), jf. Innst. S. nr. 270, vart det vedteke å auke løyvingane til dei regionale helseforetaka i 2008 med til saman 3 200 mill. kroner for å dekkje auka pensjonspremiar. Pensjonskostnadene for 2008, basert på aktuarmessige berekningar pr. 31. desember 2007, viste seg å auke med 3 800 mill. kroner. Nivået på løyvingane vart dermed 600 mill. kroner lågare enn pensjonskostnadene for 2008. Denne differansen vart ikkje rekna med i resultatkravet i 2008. Helse Vest RHF sin del av dette beløpet utgjorde 112,0 mill. kroner som dermed ikkje vart rekna med i resultatkravet for 2008. Resultatkravet for 2008 vart presisert i føretaksmøte i Helse Vest RHF 6. juni 2008.

Årsrekneskapen for 2008 for føretaksgruppa Helse Vest viser eit underskot på 252,7 mill. kroner. Korrigert for unnataket for ikkje kompenserte pensjonskostnader på 112,0 mill. kroner,

er resultatet 140,7 mill. kroner svakare enn eigar sitt styringsmål. Av dette underskotet er 2,1 mill. kroner nedskrivning av egedelar samstundes som føretaka har rekneskapsført netto gevinstar ved sal av egedom på 12,6 mill. kroner. Føretaksmøtet merka seg at resultatkravet for 2008 dermed på langt nær er oppfylt og at avviket mot styringskravet er større i 2008 enn i 2007. Føretaksmøtet slo fast at effekten av omstillingstiltaka i 2008 er mindre og at veksten i kostnader har vore større enn det som var lagt til grunn. Føretaksmøtet peikte på at god økonomisk styring og kontroll er svært viktig, og merka seg at deler av underskotet først vart meldt mot slutten av 2008. Føretaksmøtet presiserte behovet for at dei prognosane som rapporterast til departementet, har god kvalitet.

Føretaksmøtet har vidare merka seg at Helse Vest RHF arbeider aktivt for å sikre kontroll og oppfølging i heile organisasjonen. Samstundes er det vanskeleg å sjå ei forbetring av det økonomiske resultatet i forhold til 2007. Føretaksmøtet legg til grunn at Helse Vest RHF vidarefører arbeidet med å få betre kontroll for å få til den omstillinga som trengst i helseføretaksgruppa for å nå eigar sitt krav til resultat i 2009.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjente styret sitt framlagde årsrekneskap og årsmelding for 2008.

Sak 4 Godkjenning av godtgjering til revisor (jf lov om helseforetak § 44)

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeidet som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2008. Reduksjonen på kr 158 000,- frå 2007 skuldast i stor grad mindre arbeid i forbindelse med revisjonen i år enn tidlegare år. Av føretaksgruppa sitt samla revisjonshonorar på kr 2 201 000,- inkl. mva. utgjør honoraret for revisjon av Helse Vest RHF kr 240 000,- inkl. mva.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjente godtgjering på kr 2 201 000,- inkl. mva. til ekstern revisor for lovpålagd revisjon av føretaksgruppa for 2008, medrekna godtgjering på kr 240 000,- inkl. mva. for revisjon av Helse Vest RHF.

Sak 5 Årleg melding (jf lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15)

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseføretaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. I årleg melding skal det, jf lov om helseforetak § 34 og vedtektene § 15, gjerast greie for dei krav departementet har stilt til verksemda, både krav stilt som vilkår for tilskot (oppdragsdokumentet) og krav stilt i føretaksmøtet. Helse Vest RHF gjorde greie for årleg melding for 2008 og for styret sitt vidare arbeid på området.

Departementet mottok årleg melding frå Helse Vest RHF for 2008 den 6. mars 2009 og supplerande opplysningar knytt til denne meldinga i eige brev av 25. mai 2009.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF kan vise til gode resultat knytt til aktivitet på tenestene, prioritering, kvalitet, samhandling og forskning. Føretaksmøtet merka seg at Helse

Vest RHF ikkje er nøgd med resultatane på fristbrot, dekningsgraden innan psykisk helsevern for barn og unge, korridorpatientar og epikrisetid, og at dette er område som vil bli følgt særskilt nøye opp i 2009.

Føretaksmøtet understreka behovet for å halde fram arbeidet med målretta tiltak for å betre resultatane på kvalitetsindikatorane, særleg korridorpatientar og epikrisetid. Føretaksmøtet presiserte at lovkravet om fagleg forsvarleg teneste inneber at epikrisa i mange tilfelle må sendast ut før sju dagar og at det ikkje er i samsvar med forsvarleg aktivitet å ha korridorpatientar i akuttpsykiatrien.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF har sett i verk system for tilvisning til private avtalespesialistar i første halvår i år, slik at pasientar slepp å ringje rundt for å finne tilgjengeleg spesialist. Føretaksmøtet bad om ei evaluering/oppsummering av erfaringane i årleg melding for 2009. Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF vil følgje opp Helse Bergen HF for å sikre at mammografiprogrammet blir gjennomført i tråd med nasjonale føringar. Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF gir tilbod om diagnostisering til personar med mogleg ME/CFS diagnose. Vidare merka føretaksmøtet seg at det ikkje er rapportert korleis eit behandlingstilbod til personar med slik diagnose skal sikrast.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet tok årleg melding med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF til etterretning.

Sak 6 Endring av driftskredittramme

I 2009 er det i tillegg til rekneskapsmessig resultat også sette resultatkrav på området likviditet/driftskreditt. Frå 2009 kan dei regionale helseføretaka berre ta opp driftskredittar i Noregs Bank, innanfor dei rammene departementet set. Det er departementet som godkjenner driftskredittramma for det einskilde regionale helseføretaket. Den nye langsiktige løysinga for pensjonspremiar og -kostnader inneber at differansen mellom disse storleikane blir handtert og løyvd gjennom endring av driftskreditten.

Stortinget vedtok ei samla ramme for driftskreditt på 7,3 mrd. kroner pr januar 2009. Ved handsaminga av St.prp. nr. 1 (2008-2009) vedtok Stortinget å redusere den samla ramma for driftskreditt med 1,3 mrd. kroner innan utgangen av 2009.

Som følgje av nye overslag over pensjonspremiar i 2009, er det gjort framlegg om å redusere det samla nedbetalingskravet med 900 mill. kroner frå 1,3 mrd. kroner til 400 mill. kroner i St.prp. nr 67(2008-2009). Helse Vest RHF sin del av dette nye nedbetalingskravet, som det er gjort framlegg om, utgjer 75 mill. kroner.

Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt settes til 1 675 mill. kroner i 2009. Dette vil bli gjort gjeldande med verknad frå 20. juli 2009 ved at rammekonto for driftskreditten i Noregs Bank blir justert til tilsvarande nivå.

Føretaksmøtet vedtok:

Med atterhald om Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 67 (2008-2009) blir Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt i 2009 sett til 1 675 mill. kroner.

Sak 7 Samhandlingsreforma - vurderingar ved sal av eigedom

I løpet av juni 2009 legg regjeringa fram ei stortingsmelding om samhandlingsreforma. Manglande samanheng mellom helsetenestene i sjukehus og i kommunane er eit av dei viktigaste hindra for å gjere helsetenesta enda betre. Reforma legg opp til prosessar for å betre samhandlinga mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Det er derfor viktig at helseføretaka og dei regionale helseføretaka har ei særleg merksemd knytt til sal av eigedom i spesialisthelsetenesta som kan vere aktuell i forhold til etablering av nye tenestetilbod eller betre koordinering av noverande tilbod.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka og helseføretaka om å gjere ei særskild vurdering i saker om sal av eigedom. Der det er aktuelt, skal det i nær dialog med aktuelle kommunar gjerast vurderingar av om eigedomen kan vere eigna for bruk i forhold til dei forslaga som vil kome i samhandlingsreforma.

Sak 8 Samhandlingsreforma - tiltak på IKT-området

Helse- og omsorgstenesta er ei informasjonssensitiv og informasjonsintensiv verksemd. Teknologiløysingar kan medverke til best mogeleg tilgang til informasjon som grunnlag for god diagnostikk, pasientbehandling og pleie. For å nå måla for den overordna nasjonale politikken på IKT-området innanfor helse- og omsorgssektoren er det behov for ei sterkare nasjonal styring og koordinering. Regjeringa har i St.prp. nr.67 (2008-2009) *Tilleggbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2009* fremt forslag om etablering av ei statsføretak "Norsk Helsenett SF". Det går fram av St.prp. nr.67 (2008-2009) at det blir teke sikte på at Norsk Helsenett SF skal overta Norsk Helsenett AS ved at selskapet sine eigedelar og rettar, medrekna offentlege løyve og pliktar til selskapet, blir ført over til statsføretaket.

Føretaksmøtet vedtok:

"Føretaksmøtet vedtok, med atterhald om Stortingets nødvendige vedtak og med heimel i lov om helseføretak § 15, at Helse Vest RHF skal gi frå seg aksjane sine i Norsk Helsenett AS som grunnlag for etablering av Norsk Helsenett SF. Dette skal skje på det tidspunkt og etter nærmare framgangsmåte som blir fastsett i seinere føretaksmøte."

Føretaksmøtet la til grunn at styret i sitt komande styremøte gjer følgjande vedtak: "Føretaksmøtet i Helse Vest RHF vedtok 10. juni 2009, med atterhald om Stortingets nødvendige vedtak og med heimel i lov om helseføretak § 15, at føretaket skal gi frå seg aksjane sine i Norsk Helsenett AS som grunnlag for etablering av Norsk Helsenett SF. Dette skal skje på det tidspunkt og etter nærmare framgangsmåte som blir fastsett i seinere føretaksmøte. Styret samtykkjer i føretaksmøtet sitt vedtak om å gi frå seg aksjane."

Sak 9 Endringar i vedtektene § 17 (jf. lov om helseføretak § 12, vedtektene § 18)

Helse- og omsorgsdepartementet gjorde greie for endringane i vedtektene § 17 Arbeidsgivertilknytning, som følgje av at tidlegare Arbeidsgiverforeningen NAVO endra namn

til Arbeidsgiverforeningen Spekter i 2007. Ved ein inkurie er ikkje vedtektene endra som følge av dette tidlegare.

Føretaksmøtet vedtok:


Føretaksmøtet endra ordlyden i vedtektene § 17 Arbeidsgivertilknytning frå "Arbeidsgiverforeningen NAVO" til "Arbeidsgiverforeningen Spekter", i tråd med tidlegare gjennomført namneskifte.

Vedtektene § 17 blir etter dette:

Helse Vest RHF skal være medlem av Arbeidsgiverforeningen Spekter og skal sørge for at alle helseforetak som det eier, også er medlem av Arbeidsgiverforeningen Spekter.

Møtet vart heva kl. 11.25

Oslo 10. juni 2009


Bjarne Håkon Hanssen


Oddvard Nilsen